



Advokatfirmaet Sigrun Pedersen  
Postboks 168  
5873 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/13520 - 20/56572

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
10.09.2020

## **Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - dispensasjon gbnr 322/97 Mjåtveit**

Tiltak: fritak frå bygge og deleforbod  
Byggjestad: Gbnr: 322/97  
Tiltakshavar: Rune Rading  
Ansvarleg søkjar: Advokatfirmaet Sigrun Pedersen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.07.2020.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkjast om dispensasjon frå plankravet pkt. 1.2 i kommunedelplan for Meland.
2. Det må gå fram av søknaden kva det vert søkt om dispensasjon til: oppføring av bustad på gbnr 322/97 i dette tilfellet (refererer til telefon samtale med advokat Pedersen av 10.09.20).
3. Dispensasjonen må nabovarslast og grunngjevast.
4. Det må sendast inn dokumentasjon som viser at eigedomen er sikra tilgang til vatn og avlaup.
5. Det må søkjast om løyve til utvida bruk av fylkesvegen. Søknadsskjema finn de på vegvesen.no
6. Det må leggjast ved kart som viser omtrentleg plassering av bustad og tilkomst.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **11.10.20**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

